



**Den norske kyrkja
Jondal sokn**

Referat frå Jondal sokneråd sitt møte 29.01.2024 kl 19.00-21.20

Til stades: Maria Eide Sørheim, Sveinung Toreid, Ingebjørg Grøtt, Trygve B Myrlid, Silje- Margrete Fjærtøft (varamedlem) og Eli Galtung Torsnes

Forfall : Ida Sofie Holmen

Frå staben : Arne Opsahl Engen (frå 20.10) og Eva P Myrlid

Sak 01/2024: Godkjenning av sakliste og innkalling.

Saklista og innkalling vart godkjent.

Sak 02/2024: Godkjenning av referat frå soknerådsmøtenr 10, 06.12.2023

Referatet er ikkje vorte sendt til alle medlemmene. Det vil verta sendt ut saman med referatet frå møtet i dag. Takkeofferlista for våren-24 vert også lagt ved.

Sak 03/2024: Gå gjennom årshjul saman med staben.

Denne saka vart ikkje ferdig på dette møtet. Saka vert tatt opp på neste møte i soknerådet, 06.03.2024.

Sak 04/2024: Tidspunkt for årsmøte og fordele oppgåver.

Årsmøtet vert 10.03.2024. Maria skriv årsmelding for Jondal sokn 2023 og kontaktar dei ho treng informasjon frå. Sveinung lagar til rekneskapen for 2023. Ingebjørg og Maria skal sjå gjennom denne etterpå.

Sak 05/2024: Revidere kyrkjevertsoppgåver.

Det nye framlegget til kyrkjeverten sine oppgåver ligg vedlagt referatet.

Sak 06/2024: Representantar inn i barnekor.

Ida Sofie Holmen vert soknerådet sin representant i styret for barnekoret.

Sak 07/2024: Plan for musikkåret 2024.

Saka vart utsett til neste soknerådsmøte 06.03.2024

Sak 08/2024: Nytt frå fellesrådet.

Maria orienterte om nytt frå fellesrådet. Investering av nye omnar i Jondal og Odda kyrkjer er utsett til 2025. Oppmåling av gravplassane i Herand og Jondal vert gjennomført i 2024.

Sak 09/2024: Eventuelt.

Her vart m.a dato for dugnad på kyrkjegarden fastsett , 20.04.2024.Arne delte ut kalendar for gudstenester første halvår 2024 og konfirmantplan for våren 2024. Organisering av "open kyrkje" i turistsesongen 2024 vart diskutert. Er det høve å få til eit samarbeid med Turistinformasjonen? Ingebjørg skal laga til ei oppmoding om fast gjevarteneste til Jondal sokn.

Møtet slutt 21.20

Referent Eli Galtung Torsnes30.01.2024